

Føretaksmøte 11. juni 2019

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

**Behandling av årleg melding 2018,
godkjenning av årsrekneskap og
årsmelding 2018 mv.**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 11. juni 2019 kl. 16.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i R5, Akersgata 59 i Oslo.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2018, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 6 Endring i driftskredittramma
- Sak 7 Finansiering av metodevurdering i Statens legemiddelverk
- Sak 8 Avlevering av fysisk arkiv til Norsk helsearkiv
- Sak 9 Samarbeid om innkjøp mellom dei regionale helseføretaka og Forsvaret
- Sak 10 Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon
- Sak 11 Framtidig rolle for Nasjonal IKT HF

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helseminister Bent Høie

Frå styret møte

Styreleiar Einar Strømsvåg

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Fagdirektør Baard-Christian Schem

Også til stades

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum
Ekspedisjonssjef Espen Aasen
Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Avdelingsdirektør Lisbeth Rugtvedt
Seniorrådgiver Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Frode Linna og Tove Myklebust.

Revisor for Helse Vest RHF, BDO, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møte ved statsautorisert revisor Ellen Marie Marvik.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helseminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Helseministeren spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og helseminister Bent Høie vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Årleg melding 2018, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga om pålegg og vedtak som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte (jf. § 34 i lov om helseforetak). Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2018.

Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding 2018 og for styret sitt vidare arbeid på utvalde område i 2019. Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 6. mars 2019 og supplerande informasjon av 23. mai 2019. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørgje for-ansvaret. Føretaksmøtet merka seg styret sin konklusjon om at styringskrav gitt i oppdragsdokumentet og føretaksmøte for 2018 er ivaretekne, og at sørgje for-ansvaret som Helse Vest RHF er pålagt gjennom lovverket samla sett er oppfylt for 2018.

I oppdragsdokumentet for 2018 er det sett som mål at gjennomsnittleg ventetid i spesialisthelsetenesta skal bli redusert samanlikna med 2017 og vere under 50 dagar innan 2021. Samla for alle tenestemåla var ventetida i Helse Vest 63 dagar i 2018. Det er ein auke på to dagar frå 2017, dvs. at målet ikkje er nådd. Føretaksmøtet føresette at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at målet for ventetid for 2019 vert nådd. Føretaksmøtet merka seg at prosentdelen fristbrot i Helse Vest var 2,8 pst. i 2018. Tilsvarende tal i 2017 var 2,9 pst.

Prioriteringsmålet om at veksten innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) skal vere høgare enn for somatikk på regionnivå vart vidareført i 2018. Distriktpspsykiatriske sentre og psykisk helsevern for barn og unge skal prioriterast innan psykisk helsevern. Veksten skulle målast i gjennomsnittleg ventetid, kostnader (kostnader til avskrivningar, legemiddel og pensjon vert gjort synlege, men haldne utanfor) og aktivitet (polikliniske opphald). Føretaksmøtet viste til at det var lågare vekst i kostnader innan psykisk helsevern for vaksne og for TSB enn for somatikk, medan kostnadsveksten innan psykisk

helsevern for barn og unge var høgare enn for somatikk. Målet om prosentvis større reduksjon i gjennomsnittlege ventetider er innfridd både innan psykisk helsevern for vaksne og for barn og unge. For TSB er målet ikkje innfridd da gjennomsnittleg ventetid prosentvis auka meir enn innan somatikk. Målet om høgare vekst innan polikliniske opphald blei innfridd for TSB, men ikkje for psykisk helsevern for vaksne eller for barn og unge. Føretaksmøtet viste til at prioriteringsmålet har ført til ei dreining i sjukehusa si merksemd og aktivitet mot psykisk helsevern og TSB. Prioriteringsmålet er innfridd på fleire område, men det er framleis rom for betring.

I oppdragsdokumentet for 2018 var det sett som mål at det skulle vere færre som vart innlagde med tvang i psykisk helsevern i 2018 enn i 2017. Videre var det sett som mål at det skulle vere færre pasientar med tvangsmiddelvedtak i psykisk helsevern (døgntil behandling) i 2018 enn i 2017. Resultata i Helse Vest (jf. nasjonale kvalitetsindikatorar for 2018) viser ei auke for pasientar innlagde med tvang frå 2017 til 2018. Talet på pasientar med tvangsmiddelvedtak auka også i denne perioden. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest sidan 2015 har arbeidd regionalt for å sikre lik og rett registrering av tvang. Det er etablert ei ressursgruppe for området som skal følgje med på utviklinga av tvangsinnleggingar og tvangsbruk, sikre rett og lik registrering av tvang, foreslå prosjekt for å redusere tvangsbruk, sikre læring på tvers og jobbe med kompetanseheving. Føretaksmøtet merka seg at helseføretaka arbeider vidare med tiltaksplanar, i tillegg til dei regionale tiltaka som er sett i verk.

Det vart innført pakkeforløp for kreft i 2015. Resultata frå andre tertial 2018 viser 67 pst. måloppnåing for heile helseregionen. Målet om minst 70 pst. gjennomførte pakkeforløp innan maksimal anbefalt forløpstid er dermed ikkje nådd for andre tertial 2018. Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om å følgje opp resultata vidare i 2019.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tek årleg melding 2018 med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2018 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2018. Statsautorisert revisor Ellen Marie Marvik gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2018.

I føretaksmøtet 16. januar 2018 vart det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2018:

Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka:

- *innrettar verksemda innanfor økonomiske rammer og krav som følgjer av Prop. 1 S (2017–2018), føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2018, slik at sørgje-for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid.*

Årsresultat for 2018 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 667,9 mill. kroner. I resultatet inngår nedskrivning av eignedelar med 0,4 mill. kroner, samstundes som

det er resultatført netto gevinst ved sal av eigedom på 30,4 mill. kroner. Helse Vest har investert for 1 885,6 mill. kroner i 2018 og har halde seg innanfor vedteken ramme for driftskreditt. Den samla ressursbruken til drift og investeringar er gjennomført innanfor vedtekne rammer og resultatkrav for 2018. Føretaksmøtet var nøgd med at resultatkravet som vart stilt for 2018 er oppfylt.

Føretaksmøtet viste til at Helse Vest står overfor store investeringsoppgåver. Føretaksmøtet viste til at det er positivt at Helse Vest legg opp til styring og drift som sikrar nødvendig grunnlag for ei bærekraftig utvikling av tilbodet i regionen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2018.

Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2018. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 1 866 000 ekskl. mva., utgjer honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 185 000 ekskl. mva. Samla sett inneber dette ein auka kostnad på kr 81 000 ekskl. mva. frå 2017, som skuldast noko auka omfang av meirarbeid.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 1 866 000 ekskl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2018, medrekna godtgjering på kr 185 000 ekskl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 6 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Prop. 114 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019*. Her er det foreslått å redusere ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 1 200 mill. kroner, frå 4 492 mill. kroner til 3 292 mill. kroner ved utgangen av 2019. Endringa skuldast ein tilsvarende auke av basisramma til dei regionale helseføretaka for å dekkje auka pensjonskostnadar på 1 200 mill. kroner for 2019.

Helse Vest RHF sin del av denne justeringa utgjer 227 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2019 justert frå 849 mill. kroner til 622 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert redusert med 227 mill. kroner, frå 849 mill. kroner til 622 mill. kroner.

Sak 7 Finansiering av metodevurdering i Statens legemiddelverk

Føretaksmøtet viste til brev av 28. juni 2017 Oppdragsdokument 2017 – tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av Prop. 129 S (2016–2017) til dei regionale helseføretaka der det går fram at:

"De regionale helseføretakene skal: (...) Sørge for tilstrekkelig kapasitet til å gjennomføre metodevurderinger. Departementet viser i denne sammenheng til at det i statsbudsjettet for 2016 ble understreket at dersom behovet for metodevurderinger overstiger det antall metodevurderinger som da ble lagt til grunn for SLVs og FHIs bevilgninger og rammer, kan disse finansieres over regionale helseføretaks egne rammer. (...)"

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka skal finansiere behovet for meirkapasitet i Statens legemiddelverk knytta til å gjennomføre metodevurderingar i spesialisthelsetenesta. Statens legemiddelverk skal auke kapasiteten sin til metodevurderingar for systemet nye metoder med 10 årsverk. I 2019 skal dei regionale helseføretaka finansiere ev. auka lønskostnader, opp til 2,6 mill. kroner, til dette formålet. I 2020 skal dei regionale helseføretaka finansiere 13 mill. kroner. Fordelinga av kostnadene mellom dei regionale helseføretaka skal følgje den nasjonale inntektsmodellen.

Sak 8 Avlevering av fysisk arkiv til Norsk helsearkiv

Føretaksmøtet viste til Forskrift om Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret (helsearkivforskriften), og ba om at alle helseføretaka inngår forpliktande avleveringsavtaler med Norsk helsearkiv om avlevering av fysisk pasientarkivmateriale. Avtalene skal blant anna gi tidspunkt for avleveringar. Føretaksmøtet ba vidare dei regionale helseføretaka om å starte arbeidet med avlevering til Norsk helsearkiv frå minst eitt helseføretak i kvar helseregion innan utgangen av 2019.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka sørge for at alle helseføretak inngår forpliktande avleveringsavtaler med Norsk helsearkiv om avlevering av fysisk pasientarkivmateriale. Minst eitt helseføretak i kvar helseregion skal starte arbeidet med avlevering innan utgangen av 2019.

Sak 9 Samarbeid om innkjøp mellom dei regionale helseføretaka og Forsvaret

Føretaksmøtet viste til innspill frå dei regionale helseføretaka om eit mogleg samarbeid om innkjøp mellom Sykehusinnkjøp HF og Forsvaret, og som kjem fram av brev av 5. juni 2019 frå Helse Sør-Øst RHF. Føretaksmøtet ønskte at det vert etablert eit gjensidig forpliktande samarbeid knytta til innkjøp for å realisere både dei samfunnsmessige gevinstane og koordineringsfordelane som ligg i dette for begge sektorane. Samarbeidet vert etablert i tråd med anbefalingane om prosessar og framdriftsplanar slik det går fram i brevet.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å etablere eit samarbeid med Forsvaret på innkjøpsområdet.

Sak 10 Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon

Regjeringa har beslutta å starte eit arbeid med å utvikle og skaffe ei ny løysing for nød- og beredskapskommunikasjon. Arbeidet skal også sikre ein god overgang frå dagens Nødnett. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har fått i oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet å utarbeide ei konseptvalgutredning (KVU). Arbeidet vert gjennomført i samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) og aktuelle aktørar. Dei regionale helseføretaka og Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO) deltek for helsetenesta.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka delta i DSB og Nkom sitt arbeid med KVU, i samarbeid med andre sentrale aktørar i helsetenesten. HDO deltek i arbeidet på vegne av dei regionale helseføretaka der det er hensiktsmessig.

Sak 11 Framtidig rolle for Nasjonal IKT HF

Føretaksmøtet viste til krav i januar 2014 om at dei regionale helseføretaka skulle etablere eit felles helseføretak, Nasjonal IKT HF, for strategisk samarbeid på IKT-området.

I føretaksmøtet i januar 2019 vart dei regionale helseføretaka bedne om å vurdere korleis samarbeidet mellom dei regionale helseføretaka innan IKT-området bør organiserast, herunder å vurdere Nasjonal IKT HF si rolle. Oppdraget må sjåast i samanheng med dei store endringane i organiseringa av e-helseområdet dei siste åra.

Styra i dei regionale helseføretaka har slutta seg til ei anbefaling om å sette i gang ei styrt avvikling av Nasjonal IKT HF. Det er i vurderingane lagt vekt på endringar i aktørbiletet og nye samarbeidsformer mellom dei regionale helseføretaka. Desse to forholda har ført til at det blir færre oppgåver til Nasjonal IKT HF.

Føretaksmøtet slutta seg til anbefalingane.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet sluttar seg til anbefalinga om å gjennomføre ei styrt avvikling av Nasjonal IKT HF. I samband med dette ber føretaksmøtet dei regionale helseføretaka om å:

- *vidareføre det interregionale samarbeidet på IKT-området på ein formålstenleg måte*
- *sikre at opparbeida kunnskap og kompetanse ikkje går tapt, og at pågåande oppgåver blir vidareført på ein formålstenleg måte*
- *sikre at medarbeidarane blir tatt hånd om på ein god måte*

Møtet vart heva kl. 17.10.

Oslo, 11. juni 2019

Bent Høie

Einar Strømsvåg

Protokollen er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar